

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD

Møtedato: 28.05.2026**Møtestad:** Formannskapssalen, 3 et.
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:15 - 12:15**Behandla saker:** 33-43/26

Møteleiar:	Parti:
Ingemar Helland	H

Møtedeltakarar:	Parti:
Ingemar Helland	H
Marianne Hjelle	FrP
Oddbjørn Lekven	OPL
Siri Janne Llanos	PEN
Sverre Helleland	INP
Willy Jan Lønne	LOP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Bjørn Sivertsen	OPL
Inger Elin Pettersen	OPL

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Oddbjørn Lekven	OPL

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold, utvalsekretær Aina Haugland, einingsleiar Thomas Orø, prosjektleiar Martha Gindl, kommunalsjef for samfunnsutvikling Eystein J. Venneslan

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
33/2026	26/5071 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
34/2026	26/5071 Nytt frå administrasjonen
35/2026	22/2696 Revisjon av handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune og behandling av innbyggjarforslag om nytt tiltak i planen
36/2026	25/19727 Nye omsorgsbustader - Osøyro og Eikelandsosen
37/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp
38/2026	25/19258 Årsmelding 2025 - 3. tertialrapport 2025
39/2026	26/4464 1. tertialrapport 2026
40/2026	26/5071 Eldredagen
41/2026	26/5071 Handlingsplan for eldrerådet
42/2026	23/8782 Val av vararepresentant for Brukar- og pårørandeutvalet ved Fusa bu- og behandlingssenter
43/2026	26/5071 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 16.04.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 33/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 9.15

Forfall:
Rådsleiar Bjørn Sivertsen, OPL - vara Oddbjørn Lekven, OPL
Inger E. Pettersen, OPL møtte ikkje.

Det er 6 stemmeføre i salen.

Nestleiar Ingemar Helland, H er rådsleiar i møtet.

Ingrid Øksnes, FrP har fått innvilga fritak for resten av valperioden.
Marianne Hjellev, FrP blei ønska velkommen som fast medlem i rådet.
Vararepresentantar : 1.vara Stig Nilsen, FrP - 2.vara Kristine Hjartnes, FrP

Det var ingen merknader til innkallinga.

Møteprotokoll frå 16.04.26 blei godkjend.

Det var slik merknad til sakslista:
Det blir endringar i rekkefølga på fleire saker.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 16.04.26 blei godkjend.
Sakslista blei godkjent med merknad.

34/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 34/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 37/26

Kommunalsjef Monica T. Melvold orienterte kort og svarte på spørsmål:

- Fusa bu- og behandlingssenteret har 40 års jubileum som vil bli markert 29.05.26.
- Endringar, flytting av tenester, sentralisering av fagkompetanse og ulike utfordringar innan pleie og omsorgstenester ved Fusa bu- og behandlingssenter/ heimetenester og Luranetunet bu- og behandlingssenter.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei mellombels heva kl. 9.58

Vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

35/2026 - REVISJON AV HANDLINGSPLAN FOR FØREBYGGING AV SJØLVMORD I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE OG BEHANDLING AV INNBYGGARFORSLAG OM NYTT TILTAK I PLANEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune 2026-2029 slik han ligg føre.

Innbyggjarforslaget om at tiltaket «Livet på timeplanen» skal vera del av handlingsplanen blir ikkje teke til følge.

Behandling og vedtak i sak 35/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Framlegg til vedtak frå Ingemar Helland, Høgre Felles forslag til vedtak

Eldrerådet støttar heilhjarta opp om dette prosjektet og stiller oss bak kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 42/2026

Einingsleiar for Psykisk helse og rustenester, Thomas Orø orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Ingemar Helland, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Eldrerådet støttar heilhjarta opp om dette prosjektet og stiller oss bak kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

36/2026 - NYE OMSORGSBUSTADER - OSØYRO OG EIKELANDSOSEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsosen.
2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsosen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.
3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandsosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

Behandling og vedtak i sak 36/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Framlegg til vedtak frå Ingemar Helland, Høgre Forslag til vedtak

Eldrerådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 39/26

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Eystein J. Venneslan orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Ingemar Helland, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Eldrerådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

37/2026 - HEILSKAPLEG INNSATS- OG BUSTADTRAPP

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 37/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 33/2026

Prosjektleiar Martha Gindl orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

38/2026 - ÅRSMELDING 2025 - 3. TERTIALRAPPORT 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 38/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Ingemar Helland, Høgre
Felles forslag til vedtak**

Eldrerådet tar saka til orientering.

Behandling:

Møtet blei sett igjen kl. 10.06

Saka blei behandla etter sak 34/26

Rådet hadde ingen spørsmål i saka.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av rådsleiar Ingemar Helland, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Eldrerådet tar saka til orientering.

39/2026 - 1. TERTIALRAPPORT 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unytta lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

Auka budsjetttramme:	
Sektor Fellesområde	2 352 000
Redusert budsjetttramme:	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Behandling og vedtak i sak 39/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Framlegg til vedtak frå Ingemar Helland, Høgre
Forslag til vedtak

Eldrerådet tar saka til orientering.

Behandling:

Kommunalsjef Monica T. Melvold orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Viktig at det for framtida blir ei tryggare finansieringsløyising for støttekontaktenesta som er ein del av helsefremmande tiltak i den heilskapleg innsats- og bustadtrappa i det vidare arbeidet.

Votering:

Forslag til vedtak fremma av rådsleiar Ingemar Helland, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Eldrerådet tar saka til orientering.

40/2026 - ELDREDAGEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet diskuterte og oppdaterte saka.

Behandling og vedtak i sak 40/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 35/26

Rådet drøfta og gjekk gjennom sjekklista.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet diskuterte og oppdaterte saka.

41/2026 - HANDLINGSPLAN FOR ELDRERÅDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet diskuterte og oppdaterte saka.

Behandling og vedtak i sak 41/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

Behandling:

Rådet drøfta ulike innspel sett i samband med innhald og form. Det var semje om å utsetje vidare arbeid med handlingsplanen til neste møte.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet diskuterte og oppdaterte saka.

42/2026 - VAL AV VARAREPRESENTANT FOR BRUKAR- OG PÅRØRANDEUTVALET VED FUSA BU- OG BEHANDLINGSSENTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Som vararepresentant for Brukar- og pårørandeutvalet ved Fusa bu- og behandlingssenter veljast _____.

Behandling og vedtak i sak 42/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Ingemar Helland, Høgre
Felles forslag til vedtak**

Aud May Boge, H blir vald som ny vararepresentant til Brukar- og pårørandeutvalet for Fusa bu- og behandlingssenter.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 36/26

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av rådsleiar Ingemar Helland, H blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Aud May Boge, H blir vald som ny vararepresentant til Brukar- og pårørandeutvalet for Fusa bu- og behandlingssenter.

43/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 43/2026, BJØRNAFJORDEN ELDRERÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Siri Janne Llanos, Pensjonistforbundet Bjørnafjorden
Inntektsoversikt for pensjonistar og personar på trygd i kommunen**

Med aukande økonomisk ulikskap i landet, ønskjer ein ei oversikt over inntekts-spennet for pensjonistar og trygda i Bjørnafjorden kommune (skattelikninga).

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 41/26

Kommunalsjef Monica T. Melvold leste opp spørsmål frå Siri Janne Llanos, PEN om inntektsoversikt for pensjonistar og personar på trygd i kommunen.

Kommunalsjef Monica T. Melvold refererte svar frå økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas: Nei, etter at skatteavdelinga blei overført til staten har vi ingen her som har tilgang til denne typen opplysningar.

Møtet blei heva kl.12.15

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.